



Sigmund Eikås På hogg og belegg

Dagfrid Vallestad Brevik, Erlend Apneseth, Synnøve S. Bjørset, Gro Marie Svidal,
Vidar Underseth, Indre Sunnfjord spelemannslag, Gamlebanken spelemannslag



Sigmund Eikås og musikken hans

av Hilde Bjørkum, direktør i Førdefestivalen

Sigmund Eikås har vore aktiv slåtteskapar i ei årrekke og står bak eit 30-tals komposisjonar. Dei spenner frå springar og halling til drivande runddansslåttar og lydarslåttar. Sigmund sine komposisjonar er prega av den vestlandske musikktradisjonen. Men dei står også fram med sterkt eigenkarakter og originalitet.

Ein cd med utvalde Sigmund-komposisjonar er ikkje utgitt før. Dette albumet er dokumentasjon av ein musikar og komponist som har sett djupe spor etter seg i norsk musikkliv. Fleire av slåttane er kjende og mykje brukte. Andre har aldri vore framført før dei no er med på denne utgjevinga.

Solistane er utøvarar som Sigmund har vore lærmeister og inspirator for. Dei er blant landets fremste folkemusikkutøvarar med plasseringar i toppen i eliteklassa (A-klassa) på Landskappleiken. I tillegg medverkar Indre Sunnfjord spelemannslag som Sigmund har leia til mange kappleikssigrar, samt Gamlebanken spelemannslag der dei fleste medlemmene også har fått opplæring av Sigmund.

På hogg og belegg?

av Jostein Aardal

Sigmund Eikås er flink og får til det meste han prøver seg på. Han er perfeksjonist på mange område. Difor kan tittelen på cd-en virke misvisande.

«På hogg og belegg» vart namnet etter at Sigmund hadde med den namnlause komposisjon på øving i Indre Sunnfjord spelemannslag.

Dei fleste, inklusive tittelmelodien, kjem ut for første gong på denne cd-en.

– Eg synest det er flott at Førdefestivalen tok initiativ til og stiller seg bak ein slik produksjon, sier Sigmund som fylte 70 år i slutten av april.

Han har blant mykje anna vore styreleiar for Førdefestivalen og treng knapt nærmare presentasjon.

Sigmund veit ikkje sikkert kor mange slåttar han har laga opp gjennom åra. Nokre har gått i gløyme boka, fordi dei berre fanst i hans hovud. Men etter kvart er dei fleste nedskrivne på notar, og resten kan bli sikra i jubileumsåret.

Sigmund byrja midt på 1970-talet med å bygge ut gamle slåttar som nesten var gløymde. Nokre var tilgjengelege i arkiv men lite brukte. Viktigaste kjelda var Arne Bjørndal sine samlingar.

– Det er gale på ein måte å gjere endringar, men originalane ligg der framleis.

Eg har berre prøvd å gjere dei meir morosame å spele. Eg har gjort forandringer på somme, men ikkje ein tone på slåttar etter Ola Viken, eller Knut L. Sandal. Dei hadde sikker stilkjensle og alderdommlege spel.

– *Kva med heilt eigne komposisjonar?*

– Eg kallar det ikkje komponering, eg leikar med fela. Å lage ein slått er kjekt, men å spele han første gong for folk er forferdeleg. Det er som å kle deg naken.

Eg har gjerne sagt at dette er ein sprinjar frå Jølster. Kan hende at det er feigt, liksom at eg ikkje torer stå ved eg har gjort. Men det gjer eg.

Det er lett å lesse på mykje for å impone. Det er mykje verre å få ein enkel melodi til å bli bra, meiner Sigmund.

Gamlestoveslåtten er blitt populær. Men han var ikkje gjort i ein fart.

– Eg fekk ikkje stoppa slåtten og heldt på i 14 dagar. Det var kanskje då eg vart grå i håret, kommenterer Sigmund med eit breidt smil og velkjend latter.

Ein gong i ungdomshuset på Eikås vart det laga ein melodi på sparket.

– Eg kom ikkje på slåtten eg skulle spele, og byrja berre på med nokre strofer før eg etter kvart kom på den rette. Slåtten var best på slutten, sa dei som høyrd

på. Det hadde dei sikkert rett i!

– *Du lagar ikkje slåttar i posisjon, som Anders Viken og Paulen-brødrene gjorde. Kvifor?*

– Eg spelar i posisjon og likar mykje av det dei har laga. Men det ligg litt i bak-hovudet at posisjonsspel på hardingfele ikkje er av det lettaste. Eg vil gjerne at slåttane skal kunne brukast også i samspel.

– *Kunne du vore musikar på heiltid?*

– Eg veit ikkje. Eg har vore fylkesmusikar og med i folkemusikkgruppa i Sogn og Fjordane fylkeskommune sidan 1989. Fylkeskommunen har vore ein svært god støttespelar for folkemusikken. For meg har det vore godt å kombinere musikken med bondeyrket.

Eg kjøpte første gravemaskina som 20-åring og har brote jord og drive i skogen. Det er eit fantastisk meiningsfullt arbeid. Eg har aldri site på gravemaskina eller traktoren og tenkt på at eg skulle ha spelt. Men det kunne vere hektisk å kome seg på landskappleik midt i den mest travle tida på garden. At det var muleg, kan eg først og fremst takke kona Elsa for.

Solistane om slåttane

Erlend Apneseth: «Mange av Sigmund sine slåttar er friske og gode til dans, liksom lette på foten. Men mange er vanskelege å få til skikkeleg. Han har skapt slåttar som er gjenkjennelege frå Sunnfjord og gjort det på ein måte få kan klare.»

Synnøve Bjørset: «Sigmund har ein veldig tydeleg signatur. Han er tru mot stilten, og godt forankra i det tradisjonelle spelet frå Jølster og Sunnfjord. Difor kan det ofte vere vanskeleg å høre at dei er alt anna enn gamle. Inspirasjonen er tydeleg også frå hans spelemannsidol i andre kantar av landet.»

Gro Marie Svidal: «Det første eg tenkjer på med Sigmund sine slåttar er danseappell. I runddansane hører eg impulsar frå Anders Viken. I bygdedansen element frå den udelte rytmien til lengre fraser som vi finn i nyare former i ulike tradisjonsområde.»

Vidar Underseth: «Kjenneteiknet på Sigmund er god danseappell og godt driv. Det gjeld også slåttane han har laga og forma. Sigmund har ofta spelt når eg har delteke i dans på kappleik, og eg fekk spele då han dansa seg opp i A-klassen.»

Dagfrid Vallestad Brevik: «Sigmund har betydd mykje for meg både direkte og gjennom Vidar Underseth som lærte av Sigmund og så vidare til meg. Eg likar slåttane. Mange passar godt med måten eg spelar.»

Sigmund om slåttane

PÅ HOGG OG BELEGG *polka, a-d-a-e (Gamlebanken Spelemannslag)*

Eg fekk lust til å lage ein polka. Nokre vil kalle han hamborgar. Dei to første skifta ordna seg ganske fort. Det siste sleit eg med. Eg kom på øving i spelemannslaget som vanleg utan namn. Knut M. Sandal foreslo På hogg og belegg, og det vart det.

HASTVERKSVALSEN *vals, a-d-a-e (Gamlebanken Spelemannslag)*

Eg tok ei halvårseining i musikk midt på 1980-talet saman med Knut M. Sandal og Arnfinn Solheim i spelemannslaget. Vi fekk ei heimelekse med noteskriving, og då laga eg denne slåtten i full fart.

OLA VA LONG *springar, a-d-a-e (Erlend Apneseth)*

Utgangspunktet er slåttestevet Ola va long. Eg har skøytt på og bygd dette ut til ein heil springar.

LUDVIG DEN 2. *springar, a-d-a-e (Gro Marie Svidal)*

Denne laga eg i 1995 då kunstnar Ludvig Eikaas fylte 75 år. Namnet er bevisst litt tvetydig. Eg trur Ludvig likte det. Dåverande kultursjef Terje Lyngstad sto i spissen for ei stor feiring i Gjestehalla på Vassenden med Jahn Otto Johansen som programleiar.

PREIKAREN *halling, a-d-a-e (Dagfrid Vallestad Brevik)*

Laga slåtten som vanlig utan noko namn. Lenge etter vart det kopla i hop med eit slåttestev etter Albert Joleik. «Og presten han preika og klokken song. Og kjetta ho

dansa so rova ho slong. Den stokkete visa var aldri so long». Spelemannslaget brukte ofte å synge stevet som start på slåtten.

LARSTUNEN *springar, g-d-a-d (Vidar Underseth)*

I Jølster er dette stillet kalla Bestemt. Denne hadde heller ikkje fått namn. Då eg spelte han på øving, sa Bjarte Øvrebo at han må heite Larstunen som er det lokale namnet på garden vår.

TITA GOL PÅ HAMMARSETE *halling, g-d-a-e (Synnøve Bjørset)*

Songar og fylkesmusikar Elin Pehrson Grytting kom med eit slåttetestev frå Aurland og spurde om eg kunne lage ein slått. Ho tralla, og eg spelte.

LJÅSLÅTTEN *reinlender, a-d-a-e (Indre Sunnfjord Spelemannslag)*

Eg kom på øving med ein ny namnlaus slått. Det vart litt diskusjon. Dagrunn Kjøsnes Raad såg føre seg ein kar som slo lange tak med longorv, og slik vart det Ljåslåtten.

LOKJAGROVA *vals, a-d-a-e (Indre Sunnfjord Spelemannslag)*

Eg fekk spørsmål frå Hallvard Viken og Magne Skrede om å lage ein slått i samband med markering av Lokjagrova som renn både nordover mot Breim og sørover mot Skei. Eg starta straks eg kom heim, og det gjekk fort og greitt. Men eg var usikker på om andre skiftet var noko andre hadde laga før og ringde til Ronny Kjøsen på Oppdal. Nei, det kan du trygt bruke, var svaret.



Gamlebanken Spelemannslag



Indre Sunnfjord Spelemannslag

LUDVIGEN
halling, a-d-a-e (Dagfrid Vallestad Brevik)

Dette er eit bestillingsverk. Eg fekk spørsmål frå Jølster kommune om å lage ein slått til kunstprofessor Ludvig Eikaas på hans 70-årsdag i 1990. Det var storstilt feiring med han til stades i Eikås ungdomshus.

GAMLESTOVESLÅTTEN
halling, a-d-fiss-e (Erlend Apneseth)

Slåtten er på nedstilt kvart. Eg berre byrja å spele, og slik vart han til. Gamlestova står oppom våningshuset på Eikås.

KVITEPUS
halling, a-d-fiss-e (Gro Marie Svidal)

Kvitepus er ein flott katt med eitt gult og eitt blått øye. Han hadde vore i forferdeleg slåsskamp med ein annan katt, og eg tykte at han trond litt troyst.

GULBRAND
reinlender, a-d-a-e (Gamlebanken Spelemannslag)

Dette er ein slått tileigna huskatten Gulbrand. Det er den beste katten eg har hatt. Han var ein gluping som let opp dørene sjølv. Ikkje noko stansa Gulbrand. Han kom tassande og la seg i fanget eller gjerne i felekassa. Han var heilt avhengig av felespel. Eit liv utan spelning, var eit liv utan mening for Gulbrand. Folk kunne tru at eg var galen, for eg kunne ha lange samtalar med han.

DANSE-MARI
springar, a-d-a-e (Synnøve Bjørset)

Vidar Underseth spurde meg om å holde kurs i Ålesund og ville gjerne at eg lærte bort ein slått han hadde hørt meg spele. Namnet vart til på veg til Ålesund.

HULDRA I GROVANIPA
halling, a-d-a-e (Vidar Underseth)

Elin Pehrson Grytting kom med eit arkivoppakt av Katarina Kjøsnes som tralla ein melodi utan noko tekst. Elin spurde om eg kunne lage ein slått ut frå dette.

VALS PÅ EIKÅS
vals, a-d-a-e (Indre Sunnfjord Spelemannslag)

Denne vart laga tidleg på 1990-talet. Namnet – ikkje melodien – er vel inspirert av reinlenderen «Aften på Åhus» av Adolf Paulen.

HUSFRUA
brureslått/rull, a-d-a-e (Gro Marie Svidal)

Denne vart laga då sonen min, Anders, gifta seg med Jorunn Hope. Det er ein brureslått som også kan brukast som rull. Husfrua er ho som kjem til gards. Bryllupet vart halde på Eikås. Det er ein gjennomsiktig og litt vrien slått med rar rytmikk.

SØLJA
rull, a-d-a-e (Erlend Apneseth)

Eg spelte denne slåtten på ei tilstelling i Førde. Eva Kristin Svidal kom og sa at dette var ein blank og skinande slått. Eg svara at då blir han heitande Sølja.

MARSJ I MARS
rull/brureslåt, a-d-a-e (Synnøve Bjørset og Erlend Apneseth)

Slåtten vart laga i mars, difor dette namnet. Eg har laga andre stemme på denne og fleire andre slåtar.

Biografiar



Erlend Apneseth



Synnøve Bjørset



Gro Marie Svidal



Dagfrid Vallestad
Brevik



Vidar Underseth

SIGMUND EIKÅS (*f. 1947*)

Sigmund er bonde saman med kona Elsa og sonen Anders som har overteke garden. Både Anders og søstra Elisabet er habile hardingfelespelarar.

Sigmund er og har vore musikalisk leiar i Indre Sunnfjord spelemannslag sidan 1973, med unntak av eitt år. Han vart A-klassing (eliteklassa) på hardingfele i 1971 og dans i 1991 Tildelt heidersprisen til Rådet for folkemusikk og folkedans (1994), ærespris Sunnfjord ungdomslag (1997), fylkeskulturprisen (2001) og Postens kulturpris (2007). Heidersmedlem i Landslaget for spelemenn (2002). Fleire periodar i Jølster kommunestyre, formannskap og diverse utval. Organisasjonsmann med verv blant anna som leiar i Sogn og Fjordane folkemusikklag og Landslaget for spelemenn og (no FolkOrg), styreleiar i Førdefestivalen. Fylkesmusikar, hardingfelelærar på mange nivå og slåttekomponist. Nominert til spelemannspris for soloplatane Jølstring (1994). Har stått i spissen for fleire album med spelemannslaget og medvirkja på cd-en Jølster 2012 saman med Gro Marie Svidal, Synnøve Bjørset og Erlend Apneseth.

ERLEND APNESETH (*f. 1990*)

Jølstring med bachelor fra Ole Bull Akademiet på Voss, har eigen trio og prosjekt der han prøver ut nye klangar og teknikkar. Erlend har gitt ut cd-ane Blikkspor (2013), Det andre rommet (2016) og Nattsongar (2017) som var tingingsverk til Førdefestivalen (2016).

SYNNØVE S. BJØRSET (*f. 1979*)

Jølstring med master i utøvande folkemusikk frå Norges Musikhøgskole, frilans musikar, skribent, produsent og komponist. Spelar i Majorstuen og er musikalisk leiar i Gamlebanken spelemannslag. I tillegg er Synnøve musikkarkivar ved Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane. Har gitt ut soloplatene Ram (2001) og Slåttar (2009).

GRO MARIE SVIDAL (*f. 1980*)

Jølstring, utdanna frå Ole Bull akademiet på Voss og Norges musikhøgskole med masteroppgåve i den munnlege kommentaren i hardingfelekonserten (2010). Komponerer, improviserer, dansar og produserer sceniske program. Vann hardingfele kl A under Landskappleiken på Geilo i 2014. To soloplater, begge nominert til Folklarmprisen – Hardingfele (2009) og Elolv (2016).

VIDAR UNDERSETH (*f. 1958*)

Frå Solund, busett i Ålsesund sidan 1989. Fele- og hardingfelelærar i Ålesund kulturskule og fylkesmusikar i Sogn og Fjordane. Har vunne kl. A på Landskappleiken i pardans i 1989 (Kongepokal), 1991 og 1994, alle tre gongane med Hilde Bjørkum som dansepartnar. Har gitt ut Mine første feleslåttar (2006) – eit læreverk på dvd og medvirkja på cd-en Sommarkveld i Solund (2012).

DAGFRID VALLESTAD BREVIK (*f. 1982*)

Oppvaksen i Viksdalen, bur no i Førde med mann og to barn. Jobbar i bank. Byrja å spele hardingfele i 1989 i Gaular spelemannslag. I 1990 vart Sigmund hyra inn som instruktør, og etter kvart overtok Vidar Underseth. Gjekk musikklinja på Voss folkehøgskule. Dagfrid har veksla med Arngunn Timenes Bell om å vere leiar i spelemannslaget.

Sigmund Eikås and his music

by Hilde Bjørkum, Director of Førde Traditional and World Music Festival

Sigmund Eikås has been an active tunesmith for a number of years and has over 30 compositions to his name. They range from springars and hallings to driving runddans tunes and lydarslåttar (listening tunes). Sigmund's compositions are characterised by the tradition from Western Norway. But they also stand out with their strong character and originality.

A CD of selected compositions by Sigmund has not been released before. This album documents a musician and composer who has left a deep mark on the Norwegian music scene. Several of his tunes are well known and are played a lot. Others had never been performed until they were recorded for this album.

The soloists are performers who Sigmund both taught and inspired. They are amongst the country's foremost folk musicians, with top rankings in the elite class (A-Class) at Landskappleiken. In addition, there are contributions from Indre Sunnfjord Spelemannslag, which Sigmund has led to many kappleik victories, as well as Gamlebanken Spelemannslag, most of whose members were also taught by Sigmund.

By the skin of your teeth?

by Jostein Aardal

Sigmund Eikås is skilled and succeeds at almost anything he turns his hand to. He is a perfectionist in many ways. Therefore, the title of this CD may seem a little misleading.

“På Hogg og belegg” (By the skin of your teeth) became the name of a tune after Sigmund took an untitled composition to a rehearsal with the Indre Sunnfjord Spelemannslag.

Most of the tunes, including the title melody, are being released for the first time on this CD.

“I think it’s great that Førde Festival initiated and supports such a production”, says Sigmund, who turned 70 at the end of April. He has, amongst many other things, been director of Førde Festival and barely needs further introduction.

Sigmund does not know for sure how many tunes he has written over the years. Some have been forgotten because they were only to be found in his head. But over time, the majority of them have been written down, and the rest could be preserved in the anniversary year.

In the mid-1970s, Sigmund began expanding upon old tunes that had almost been forgotten. Some were available in the archives but had remained little-used. The main

source was Arne Bjørndal’s collections.

“It’s wrong, in a way, to make changes, but the originals are still there. I have just tried to make them more fun to play. I have made changes to some, but not changed a single note of tunes in the tradition of Ola Viken, or Knut L. Sandal. They had a clear style and an old way of playing.”

“What about compositions that are completely your own?”

“I don’t call it composing, I am playing with the fiddle. To write a tune is nice, but to play it for people for the first time is awful. It’s like being naked.

I have tended to say that this is a springar from Jølster. Perhaps it’s cowardly, like I don’t dare to stand by what I’ve done. But I do.

“It’s easy to add in too much in order to impress. It is much more difficult to make a simple melody to work well”, Sigmund says.

Gamlestoveslåtten has become popular. But it wasn’t written in a hurry.

“I didn’t manage to stop the tune and kept at it for 14 days. Maybe it was then I went grey”, Sigmund says with a broad smile and a well-known laugh.

Once, at the youth house at Eikås, a tune was written on the hoof.

“I couldn’t remember the tune I was

intending to play, and just started with some phrases before, after a while, I found the right one. The tune was best at the end, said those who were listening to it. They probably had that right!”

“You don’t write tunes in positions, like Anders Viken and the Paulen brothers did. Why not?”

“I play in positions and like a lot of what they have written. But, at the back of my mind, I’m kind of aware that playing in positions on the Hardanger fiddle is not the easiest. I would like it to also be possible for the tunes to be used when people play together.”

“Could you have been a full time musician?”

“I don’t know. I have been county musician and involved in the folk music group in the county of Sogn og Fjordane since 1989. The county has been very supportive of folk music. For me, it has worked well to combine music with farming.”

“I bought my first digger as a 20 year old and have broken ground and worked in the woods. It’s a wonderfully meaningful job. I have never sat on the digger or the tractor and thought that I should have been playing. But it could be hectic getting to landkappleiken in the middle of the busiest time at the farm. That it was possible at all, I have first and foremost my wife Elsa to thank for.”

The soloists about the tunes

Erlend Apneseth: “Many of Sigmund’s tunes are lively and are good for dancing to; they are light under the foot. But many are difficult to truly get a handle of. He has created tunes that are recognisably from Sunnfjord and has done it in a way few can manage.”

Synnøve Bjørset: “Sigmund has his own very clear signature. He is faithful to the style, and is well-anchored in the traditional music of Jølster and Sunnfjord. It can therefore often be hard to hear that the tunes are everything but old. The inspiration from his fiddle idols in other parts of the country is also evident.”

Gro Marie Svidal: “The first thing I think about when I think of Sigmund’s tunes is dance appeal. In the runddans tunes, I hear impulses from Anders Viken. In the bygdedans tunes, I hear elements from the undivided rhythms, and longer phrases that we find in newer forms in different traditional areas.”

Vidar Underset: “The hallmark of Sigmund’s music is good dance appeal and drive. This is equally true of the tunes he has written and formed. Sigmund has often played when I have participated in dance at a kappleik, and I got the chance to play when he danced his way up to the A-class.”

Dagfrid Vallestad Brevik: “Sigmund has meant a lot to me both directly and indirectly via Vidar Underset who learnt from Sigmund and taught me. I like his tunes. Many really suit the way I play.”

Sigmund about the tunes

PÅ HOGG OG BELEGG

polka, ADAE (*Gamlebanken Spelemannslag*)

I wanted to write a polka. Some will call it a hamborgar. The first two parts came quite quickly. The last part I struggled with. I took it to the spelemannslag rehearsal, as usual without a name. Knut M. Sandal suggested På hogg og belegg (By the skin of your teeth), and that was that.

HASTVERKSVALSEN

rull, ADAE (*Gamlebanken Spelemannslag*)

I took a half-year study in music in the mid-1980s together with Knut M. Sandal and Arnfinn Solheim in the spelemannslag. We were given homework in notation, and I then wrote this tune at full speed.

OLA VA LONG (Ola was tall)

springar, tuning ADAE (*Erlend Apneseth*)

The starting point is the slåttestev (tune-song) Ola va long. I have added to it and developed it into a whole springar.

LUDVIG DEN 2. (Ludvig the 2nd)

springar, ADAE (*Gro Marie Svidal*)

I wrote this in 1995, when the artist, Ludvig Eikaas, turned 75. The name is deliberately a bit ambiguous. I think Ludvig liked it. The then cultural director, Terje Lyngstad, was in charge of a big celebration in Gjesthalla at Vassenden with Jahn Otto Johansen as the master of ceremonies.

PREIKAREN (The Preacher)

halling, ADAE (*Dagfrid Vallestad Brevik*)

Wrote the tune as usual without a name. Long afterwards, I cobbled it together with a slåttestev in the tradition of Albert Joleik. "And the priest he preached and the bell-ringer sang. And the cat she danced so her bum swang. The short song was never so long." The spelemannslag used to often sing the song at the start of the tune.

LARSTUNEN

springar, GDAD (*Vidar Underseth*)

In Jølster this tuning is called Bestemt (Resolute). This tune had also not been given a name. When I played it at a rehearsal, Bjarte Øvrebo said that it had to be called Larstunen, which is what our farm is called locally.

TITA GOL PÅ HAMMARSETE

(Little bird sang in Hammarsete)

halling, ADAE (*Synnøve Bjørset*)

Singer and county musician Elin Pehrson Grytting came with a slåttestev from Aurland and asked if I could make it into a tune. She diddled, and I played.

LJÄSLÄTTEN

reinlender, ADAE (*Indre Sunnfjord Spelemannslag*)

I went to a rehearsal with a new untitled tune. There was some discussion. Dagrunn Kjøsnes Raad imagined a chap who was striking long strokes with a long scythe and thus it came to be called Ljäslätten (The Scythe Tune).

LØKJAGROVA

waltz, ADAE (*Indre Sunnfjord Spelemannslag*)

I received a request from Hallvard Viken and Magne Skrede to write a tune in connection with the celebration of Løkjagrova, a river which runs both northwards to Breim and southwards towards Skei. I started as soon as I got home, and it came quickly and easily. But I was unsure if I had actually written the second part or if someone else had done so previously, so I rang Ronny Kjøsen at Oppdal. No, you can safely use that, was the answer.

LUDVIGEN

halling, ADAE (*Dagfrid Vallestad Brevik*)

I was commissioned to write this tune. I received a request from Jølster municipality about making a tune for the art professor Ludvig Eikaas on his 70th birthday in 1990. It was a large celebration, at which he was present, in Eikås youth house.

GAMLESTOVESLÄTTEN

halling, ADF#E (*Erlend Apneseth*)

The tune is in the tuning ADF#E. I just began to play and this tune came out. Gamlestova is above the farmhouse at Eikås.

KVITEPUS

halling, ADF#E (*Gro Marie Svidal*)

Kvitepus is a great cat with one yellow eye and one blue one. He had been in a terrible fight with another cat, and I thought he needed a little consolation.

GULBRAND

reinlender, ADAE (*Gamlebanken Spelemannslag*)

This is a tune dedicated to the house cat, Gulbrand. It's the best cat I've ever had. He was a smart one that opened the doors by himself. Nothing stopped Gulbrand. He would come padding in and lie on my lap or in my fiddle case. He was completely addicted to fiddle playing. A life without playing was a life without meaning for Gulbrand. People might have thought I was crazy, because I could have long conversations with him.

DANSE-MARI

springar, ADAE (*Synnøve Bjørset*)

Vidar Underseth asked me to lead a workshop in Ålesund and said that he would like me to teach a tune he had heard me play. The name came to me on the way to Ålesund.

HULDRA I GROVANIPA

Halling, ADAE (*Vidar Underseth*)

Elin Pehrson Grytting came with an archive recording of Katarina Kjøsnes who diddled a melody without any text. Elin asked if I could make a tune out of it.

VALS PÅ EIKÅS

waltz, ADAE (*Indre Sunnfjord Spelemannslag*)

This was written in the early 1990s. The name – not the melody – is inspired by the reinlender "Aften på Åhus" by Adolf Paulen.

HUSFRUA

bridal tune/rull, ADAE (*Gro Marie Svidal*)

This was written when my son Anders and Jorunn Hope got married. It is a bridal tune that can also be used as a rull. Husfrua (The House Wife) is the one who comes to the farm. The wedding was held at Eikås. It's a transparent and a slightly difficult tune with an odd rhythm.

SØLJA

rull, ADAE (*Erlend Apneseth*)

I played this tune at an event in Førde. Eva Kristin Svidal came up to me and said that this was a polished and shiny tune. I answered that it would therefore be called Sølja (Silver jewellery used with the national costumes).

MARSJ I MARS (March in March)

rull/bridal tune, ADAE (*Erlend and Synnøve duo*)

This tune was written in March, hence the name. I have written the harmony for this and for several other tunes.

- 1. PÅ HOGG OG BELEGG**
Gamlebanken Spelemannslag – 3.16
- 2. HASTVERKSVALSEN**
Gamlebanken Spelemannslag – 3.39
- 3. OLA VA LONG**
Erlend Apneseth – 2.25
- 4. LUDVIG DEN 2.**
Gro Marie Svidal – 1.50
- 5. PREIKAREN**
Dagfrid Vallestad Brevik – 1.45
- 6. LARSTUNEN**
Vidar Underseth – 2.19
- 7. TITA GOL PÅ HAMMARSETE**
Synnøve Bjørset – 1.58
- 8. LJÅSLÅTTEN**
Indre Sunnfjord Spelemannslag – 4.07
- 9. LØKJAGROVA**
Indre Sunnfjord Spelemannslag – 3.31
- 10. LUDVIGEN**
Dagfrid Vallestad Brevik – 2.09

- 11. GAMLESTOVESLÄTTEN**
Erlend Apneseth – 2.52
- 12. KVITEPUS**
Gro Marie Svidal – 1.50
- 13. GULBRAND**
Gamlebanken Spelemannslag – 3.26
- 14. DANSE-MARI**
Synnøve Bjørset – 1.31
- 15. HULDRA I GROVANIPA**
Vidar Underseth – 2.31
- 16. VALS PÅ EIKÅS**
Indre Sunnfjord Spelemannslag – 2.24
- 17. HUSFRUA**
Gro Marie Svidal – 1.33
- 18. SØLJA**
Erlend Apneseth – 2.01
- 19. MARSJ I MARS**
Synnøve Bjørset og Erlend Apneseth – 3.23